

NVE.

Viser til Statkraft sin kosesjon søknad for Mauranger 2. hos NVE. saknr 202211253

Mauranger 2 vil ligg under det som blir kalla Folgefonnaanlegget, i Kvinnherad og Ullensvang kommune.

Bakgrunnen for denne mail er for det første

- Miljø hensyn
- Kostnad be sparande for samfunnet
- Tids be sparande
- Ein betre totalløysning ved ferdig prosjekt

Forklaring:

Statkraft vil i sin konsesjon søknad bygge ny kraftstasjon ved utløpet av fylkesveg49 Folgefonna tunnelen. (Viser til vedlagt kart, Statkraft)

Vegen mellom Austrepollen og Nordrepollen er svært ras utsatt og treng sårt ein ny tunnel mellom bygdene. Trafikk auka kvart år, og berre flaks gjer at ikkje menneskeliv har gått tapt.(under utredning)

Så forslaget mitt i denne samanheng er å samkjøre disse to prosjekta, dvs ein kan spare 4-4,5 år med anlegg i bygda, som vil gje ein betydelig miljø tiltak for både natur, dyreliv og befolkning.

Tanken er at Statkraft legg kraftstasjonen på nordsida av Austrepollen, som vist på skisse. (Skisse i link) Då kan Statkraft nytta same tunnel på hugg som tunnel mellom bygdene. Statkraft dreiar berre av til høgre eller austover og ned til stasjon.

Utsleppstunnel som Statkraft har planlagt kjem ut på sør sida av Austrepollvågen. Dette er badeplassen og eit kjempeflott natur område både for folk og dyreliv. Det er ein spesiell skjergard med masse forskjellig fisk som gyter. På land er det av og til fuglar som vipe og terna som hekka disse er som kjent truga fugleart(viser til bilde av område).

Det vil verta fare for at vågen/fjorden frys til om vinteren, med den ulempe det medfører for dyreliv og folk. (Med det produsjon mønsteret Statkraft legg opp til) Dette har ikkje Statkraft tatt med i sin KU, slik at kva ulemper dette kan skape for dyr, fisk og miljø veit me lite om.

På den vedlagte skissa er utsleppsvann flytta til nordsida av Austrepollen i fjellet Bergfjell. Dette er eit område med stor rasfare der verken folk eller dyreliv er. Ved å legge tunnelen her vil fjorden også kvitta seg fortare med ferskvatn. Dette er ein stor fordel om vinteren med is og driv is, som kan skade oppdrettsanlegg, og i verste fall få røming. Kan og vera fare for båtar i fjorden. Statkraft har planlagt steindeponi ved sida av den sin planlagde utsleppstunnel på sørsla av Austrepollvågen. Dei har ikkje planar for bruk av masse, dette vil sei at det vil bli ein unaturleg stor fylling i ein slik U-dal med av renning til eit rikt dyr/fugl og fiske liv.

På skissa er det foreslått fylling på neset mellom Austrepollen og Nordrepollen kalla Stonganeset. Her har det vert tippa mykje masse før i forbindelse med Folgefondntunnel. Dette området har ikkje blitt stelt til, sett frå sjøvegen. Området har sol heile året og hadde vert godt egna for evt husbygging, eller andre ting som kunne hatt nytta av tunnelmasse.

For å få til denne løysningen som er skissert må dette skje samtidig først da blir det ein kjempe gevinst med tanke på miljø.

Håpar NVE har forstått mitt poeng og ser alvoret i dette. Slik at dere kan kontakta dei involverte partar og nærmast påleggje dei og samarbeide om dette.

Partar:

Kvinnherad Kommune v/ Gunn Tove Petterteig


Ullensvang Kommune v/ Elisabeth Tveit

Vestlandfylkes kommune v/ Bjørnar Tjoflot


Statkraft v/ Anders Korvald

(vedlagt kart skisse forslag i link)

<https://emea01.safelinks.protection.outlook.com/?url=https%3A%2F%2Fkom munekart.com%2Fklient%2FFonnakart%2F%3Furlid%3D4b539f85-d3d6-44db-869c-f443aab79dca&data=05%7C01%7C%7C738451b3f43d4a8655cc08afe3de0b7%7C84df9e7fe9f640afb435aaaaaaaaaaa%7C1%7C0%7C638101838959395054%7CUnknown%7CTWFpbGZsb3d8eyJWIjoiMC4wLjAwMDAiLCJQIjoiV2luMzIiLCJBTiI6Ik1haWwiLCJXVCI6Mn0%3D%7C3000%7C%7C%7C&sdata=SF5rMtfei4H2Q%2BPkSN0bWFBJa8hruvLnRpneo0CQO88%3D&reserved=0>



Sjå link over som viser dette kartet.



Slik ville forslaget mitt sett ut, med felles tunnelpåhugg

En slik skjærgard er litt uvanlig langt inne i ein fjord



Her er det Statkraft vil plassera tunnelmassen. Den som ligg der idag, er fra Kroka tunnellen på 1400meter som er berre ein brøkdel av det Statkraft kjem med. Massen som ligg der i dag skal brukes i prosjekt Krokatunnel. Ca 50-60 meter opp fra sjøen ligg kulturminer i form av gravplass.



Veastein er plassen som bygdefolk har brukt og bruker til sommaraktivitetar, som bilde visar.



Bilde viser Austrepollen i sin heilhet, med fjorden rett ut i vest.



Skisse som Statkraft har.

Med kostnad besparing tenke eg:

- Eit felles tunnel på hugg
- Felles brakke rigg / kontor
- Felles entreprenør på den aktuelle delen
- Felles planlegging / Engineering på den aktuelle delen
- Eit felles godt prosjekt

Austrepollen 27 feb. 2023

Knut-Inge Øvrehus